

uttalelse@nve.no

Førde, 22.08.23

Dette brevet er sendt på vegne av DNT Sogn og Fjordane, Forbundet Kysten ved Kystlaget Hornelen, Naturvernforbundet Sogn og Fjordane, Norges Jeger- og Fiskerforbund (NJFF) Sogn og Fjordane.

Fråsegn til melding frå Nordic Rutil AS om fråføring av delar av nedbørfeltet til Grytaelva Sunnfjord kommune i Vestland

I samband med etablering av gråbergdeponi har Nordic Rutil AS fått krav frå Miljødirektoratet om at vatn som renn gjennom området skal leiast vekk frå Grytaelva, gjennom eit sedimentasjonsbasseng, og ut til fjorden. Dette inneber at i første utbyggingsfase vil 11 % av nedbørfeltet til Grytaelva blir fråført. I ein eventuell andre fase av utbygginga vil det gjelde 18 % av nedbørfeltet. I tørre periodar vurderer Nordic Rutil AS at kvaliteten på vatnet i sedimentasjonsbassenget er så god at vatn her i frå kan først attende til Grytaelva for å hindre at denne går tørr (Brev frå NVE).

FNF representerer allmenne interesser gjennom ei rekke frivillige organisasjonar og meiner at:

- Ulempene med fråføring av delar av nedbørfeltet i Grytaelva overgår absolutt fordelane ved dette.
- NVE må gjere ei **grundige** vurdering av kva fråføring av vatn frå nedbørfeltet til Grytaelva og eventuell tørrleggig av elva vil sei for livet i denne elva – den økologiske tilstanden, det biologiske mangfaldet, og spesielt for yngel av raudlisteartar om laks og ål.
- Nordic Rutil AS må få **krav** om ei **forsvarleg** minstevassføring i Gryta elva for å sikre «vassdragets betydning for plante- og dyreliv» i samsvar til Lov om vassdrag og grunnvatn (Vannressurslova), paragraf 10.
- I tillegg til minstevassføringskrav, er det og heilt naudsynt å bevare den gode økologiske tilstanden i elva mtp. på utbygginga i området, ved å bevare området tett opptil elva med naturleg kantvegetasjon, etter vannressurslova paragraf 11.



- NVE skal vurdere Nordic Rutil AS sine planar om fråføring av vatn frå Grytaelva etter Lov om vassdrag og grunnvatn (vassressurslova), spesielt paragraf 18, 8, 10, med vi meiner også at paragrafane 1, 7, 11 og 9 er viktige å vurdere!
- Nordic Rutil AS bør få strenge(!) **kontrollkrav** for eventuell fråføring av vatn frå nedbørsfeltet til Grytaelva.
- Nordic Rutil AS må få strenge(!) krav om å **dokumentere** all fråføring av vatn frå nedbørsfeltet til Grytaelva, at dei overheld ei minstevassføring og at dei generelt følgjer konsesjonsplikta og Lov om vassdrag og grunnvatn (vassressurslova), Lov om
- Dersom det blir aktuelt for tilbakeføring av vatn frå Nordic Rutil AS tilbake i Grytaelva for å unngå uttørring, må dei få krav om at vatnet då må være trygt for det biologiske livet i elva og søke løyve om tilbakeføring etter Lov om forureining hjå Statsfovalteren.

Under vil vi vidare gjere greie for våre argument.

Allmenne interesser er eit friskt og fungerande vassdrag

Konsesjon til vassdragstiltak seier at «*Når du søker om konsesjon etter vassressurslova vurderer NVE fordelane og ulempene ved tiltaket opp mot kvarandre. Dersom fordelane er større enn ulemper for allmenne og private interesser kan tiltaket få konsesjon etter vassressurslova*»¹. Nordic Rutil AS søker om å fråføre 12-18% av nedbørsfeltet til Grytaelva over fleire år².

FNF meiner at ulempene med fråføring av opp til 18% av nedbørsfeltet til Grytaelva overgår absolutt fordelane ved dette. FNF representerer allmenne interesser gjennom fleire frivillige natur- og friluftslivs- organisasjonar som har stort nedslagsfelt i- og rundt Førdefjorden. Dette er eit området som er mykje brukt til friluftslivsutøvelse, jakt- og fiske og tur både på land og på fjorden – og Grytaelva er eit viktig vassdrag som er oppvekstmiljø for fleire fiskeartar som lev i Førdefjorden og som er viktige artar for biologisk mangfald i fjorden og jakt-, fiske og friluftsinteresser.

FNF meiner at NVE bør gjere ei *grundig* vurdering av kva fråføring av delar av nedbørsfeltet til Grytaelva vil sei for livet i vassdraget – det biologiske mangfaldet og raudlisteartar som lev her.

Økologisk tilstand

Grytaelva har, også i følgje Nordic Rutil AS si eiga vurdering, per i dag god økologisk tilstand² og her finst bestandar av ål og laks (smolt)^{2,3,4} og sjøaure^{3,4}. Slike ellevassdrag er oppvekstmiljø for anadrom fisk som laks og aure, som gyter i elvene, og leveområde for artar som ål, som lev i ellevassdrag, men gyter i havet.

FNF meiner slike viktige økosystem må ivaretakast. Her må NVE gjere grundige vurderingar og iverksette tilstrekkeleg overvaking av den økologiske tilstanden til vassdraget og iverksette krav og tiltak mot å legge elva tørr og mot å øydelegge kantvegetasjon langs vassdraget.

Minstekrav for tilstrekkeleg vassføring

FNF meiner at det må vere krav om ei minste tilstrekkeleg vassføring i Grytaelva, så ein unngår at elva på noko som helst tidspunkt går seg tørr! Det er ekstremt viktig for å bevarer gode leveforhold for dei rødlista artane laks og ål, samt sjøaure i elva, no og i framtida. Nordic Rutil AS må få krav om forsvarleg minstevassføring i Gryta elva for å sikre «vassdragets betydning for plante- og dyreliv» i samsvar til Lov om vassdrag og grunnvatn (Vannressurslova)⁵.

Ta vare på raudlisteartane

Ål er ein sterkt trua art⁶, ifølge Artsdatabanken si raudliste⁷, og vi har eit ansvar for å «gi ålen dei beste overlevelsesvilkår for bestandsoppbygging, slik at ålen kan bidra til gyting når dei vender tilbake til Sargassohavet (frå norske vassdrag)⁷».

Laksen hamna i 2021 på raudlista som «Nær Trua». Lakseyngelen lev i elva i 2-6 år (!) før den vandrar ut i sjøen som smolt⁸. I 2009 kom det ein rapport frå NINA der dei finn utvandring av laksesmolt³. Funn av smolt i Grytaelva vil då sei at denne har Grytaelva som oppvekststad og treng god økologisk tilstand i elva over lang tid for å overleve til smoltstadiet. Det er dette vi i FNF meiner er ekstremt viktig å ivareta! Raudlisteartar er allereie under sterkt press både lokalt og nasjonalt og treng derfor eit spesielt sterkt vern! Derfor vil fråføring av opp til 18% vatn frå nedbørsfeltet til Grytaelva over fleire år, heilt sikkert sterkt redusere vasstanden i elvevassdraget og risikoen for utørring vil vere tilstades. Dette er ei ulempe vi i FNF ikkje vil akseptere.

Biologisk mangfald

NINA har i sin rapport også dokumentert funn høg tettheit av sjøaure i Grytaelva, som mest sannsynleg er eit stadeigen bestand³, som gjer den til ein viktig del av bestanden i lys av å ta vare på biologisk mangfald. Dette må ivaretakast. Aure er *ikkje* med i Meldinga frå Nordic Rutil AS, som berre nemner dei raudlista artane ål og laks.

Det biologiske mangfaldet i- og den økologiske tilstanden til vassdraget er sterkt avhengig av ei minste vassføring i elvevassdraget, i tillegg er det sterkt avhengig av eit friskt og fungerande økosystem langs elvevassdraget – som FNF også meiner må takast vare på i samsvar med vannressursloven paragraf 11, som seier at: «*Langs bredden av vassdrag med årssikker vannføring skal det opprettholdes et begrenset naturlig vegetasjonsbelte som motvirker avrenning og gir levested for planter og dyr*»⁵.

Stopp bit-for-bit-nedbygging

Delar av Førdefjorden er nasjonal laksefjord. Det er den nok på grunn av Nausta, elvevassdraget som har status som nasjonal laksevassdrag, som ligg lengre inne i Førdefjorden. Dette vassdraget vil nok verte vurdert til å ha høgre KU-verdi, enn Grytaelva, som rapporten til NINA frå 2009 påpeikar. Men, og dette er eit stort og viktig men. Det er eit enormt behov for fokus på det ekstreme presset som bit-for-bit nedbygging av all naturlege økosystem, har på det biologiske mangfaldet vi har – og treng å ta vare på⁹. FNF krev at vassdrag langs Førdefjorden også får sterkare vern og betre forvaltning for ikkje å miste det biologiske mangfaldet ein finn langs- og i fjorden.

Tilbakeføring av vatn til Grytaelva

NVE foreslår at eit alternativ til Nordic Rutil AS er å tilbakeføre vatn til Grytaelva etter at det har vore innom industrianlegget. Då må det søkast om utslepp i henhold til forureiningslova hjå Statsforvalteren. FNF er skeptiske til ei slik løysing og vil anbefale at ein heller unngår å ta for mykje vatn ut av nedbørsfeltet til elv, slik at den går tørr.

FNF registrerer at den økologiske tilstanden i Grytaelva i dag er god og stiller krav til at den tilstanden må ivaretakast, samt ivaretagelse av det biologiske mangfaldet inkludert dei raudlista artane.

Dersom det blir aktuelt for tilbakeføring av vatn frå Nordic Rutil AS tilbake i Grytaelva for å unngå uttørring, må dei få krav om at vatnet då må være 100% trygt for det biologiske livet i elva og vi reknar med at dette vil utløyse eit krav om å søke løyve om tilbakeføring etter Lov om forureining og etter Lov om forvaltning av naturens mangfald (Naturmangfaldslova), hjå Statsforvalteren. Om Nordic Rutil AS skulle få lov å tilbakeføre vatn, så krev vi at dette må nøye kontrollerast, overvakast og dokumenterast.

Overvakings- kontroll- og dokumentasjonskrav

Om laks, skriv Havforskningsinstituttet i 2021⁴ at det i Nordic Rutil AS sin utsleppstillatelse

«(...) angis at det ikke skal sprenges i perioden for utvandring av smolt (15. mai- 15. juni). Dette innebærer at det må sprenges ut nok malm til kontinuerlig drift i denne perioden, noe som bekreftes i Nordic Rutil AS ASA sin rapport fra tilleggsundersøkelsene til konsekvensutredningen (Anon 2014): «I nevnte periode tilsvarer dette ca. 50-60.000 tonn malm. Dette kan gjennomføres ved at malmproduksjonen økes i perioden april-mai for lagring og bruk i perioden med vandring av smolt.».

FNF meiner at dette er ei viktig lovnad. Og krev at Nordic Rutil AS bør få strenge kontrollkrav for eventuell fråføring av vatn frå Grytaelva. Lovnader og konsesjonskrav må overvåkast på ein tilstrekkeleg måte og dokumenterast, for at ein skal vite at det blir gjort nødvendige tiltak for å bevare det biologiske mangfaldet og dei viktige rødlista artane i Grytaelva.

FNF meiner også at dette kontrollkrava bør kunne dokumenterast og at Nordic Rutil AS er transparente når det kjem til innsikt i dokumentasjon på dei tiltak som blir gjort for å bevare Grytaelva og det biologiske mangfaldet der.

Oppsummert krev FNF at NVE påser at Nordic Rutile AS får:

- Krav om minstevassføring
- Krav om å ivareta kantvegetasjonen langs Grytaelvavassdraget
- Krav om overvaking av- og opprettholding av god av økologisk tilstand av Grytaelva
- Krav om å overvake og dokumentere tilstand og eventuelle endringer i biologisk mangfold og bestandene av raudlista artar
- Krav om å gjere tiltak i elva så ein ivaretek god økologisk tilstand, det biologiske mangfaldet i elva, spesielt dei raudlista artane.

Lovverk som må vurderast

NVE skal vurdere Nordic Rutil AS sine planar om fråføring av vatn frå Grytaelva etter Lov om vassdrag og grunnvatn (vannressurslova), spesielt paragraf 18, 8, 10.

FNF meiner også at paragrafane 7, 9 og 11 er svært viktige å ha med i vurderinga!

«§ 7.(vannets løp i vassdrag og infiltrasjon i grunnen)

Ingen må hindre vannets løp i vassdrag uten hjemmel i denne lov.

Utbygging og annen grunnutnytting bør fortrinnsvis skje slik at nedbøren fortsatt kan få avløp gjennom infiltrasjon i grunnen. Vassdragsmyndigheten kan gi pålegg om tiltak som vil gi bedre infiltrasjon i grunnen, dersom dette kan gjennomføres uten urimelige kostnader.

§ 9.(kvalitetsmål for vassdrag)¹

Vassdragsmyndigheten kan fastsette kvalitetsmål for vassdrag, bl.a om vannføring, stoffinnhold og artsforekomst i vassdraget, og bestemmelser om vassdragsmyndighetens plikter hvis kvalitetsmål ikke blir oppfylt. Kvalitetsmål som skal være bindende for utøving av offentlig myndighet, fastsettes etter forvaltningslovens regler for forskrifter.

Kvalitetsmål for forurensende stoffer fastsettes etter forurensningsloven.

EØS-avtalen vedlegg XX nr. 13ca (direktiv 2000/60/EF).

§ 11.(kantvegetasjon)

Langs bredden av vassdrag med årssikker vannføring skal det opprettholdes et begrenset naturlig vegetasjonsbelte som motvirker avrenning og gir levested for planter og dyr. Denne regelen gjelder likevel ikke for byggverk som står i nødvendig sammenheng med vassdraget, eller hvor det trengs åpning for å sikre tilgang til vassdraget.

Grunneieren, tiltakshavere og berørte fagmyndigheter, kan kreve at kommunen fastsetter bredden på beltet. Bredden kan også fastsettes i rettslig bindende planer etter plan- og bygningsloven.

Vassdragsmyndigheten kan i særlige tilfelle frita for kravet i første ledd.

I tillegg meiner FNF at andre lovverk må kunne seie seg relevante her, bl.a. Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven), som også gjeld for vassdrag. Spesielt:

§ 13.(kvalitetsnormer for naturmangfold)

Kongen kan fastsette retningsgivende kvalitetsnormer for naturmangfoldet, bl.a. om forekomsten av en art eller utbredelsen eller økologisk tilstand av en naturtype.

Grenseverdier for forurensning eller kvalitetsmål for vassdrag fastsettes etter reglene i lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven) eller lov 24. november 2000 nr. 82 om vassdrag og grunnvann (vannressursloven).

Blir en kvalitet fastsatt i en norm etter denne loven ikke nådd, eller er det fare for dette, bør myndigheten etter denne lov i samråd med andre berørte myndigheter utarbeide en plan for hvordan kvaliteten likevel kan bli nådd. Planen kan bl.a. gå ut på at det fastsettes nærmere forskrifter med hjemmel i denne eller andre lover.

Venleg helsing

Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane

Ket Fossen

Ket Fossen
Koordinator
FNF Sogn og Fjordane

Kjelder:

1. <https://www.nve.no/vann-og-vassdrag/vassdrag-og-grunnvannstiltak/konsesjon-til-vassdragstiltak/>
2. Nordic Rutile AS (2023) Melding om vannuttak i bekk Engjabødalen, Sunnfjord kommune i Vestland Fylke (Nordic Rutile AS Søknad)
3. Bremset, G., Helland, I.P. & Uglem, I. (2009). Konsekvenser av gruvevirksomhet i Engebøfjellet for laksefisk i Nausta, Grytelva og Stølselva. Temarapport i KU-program knyttet til planer om rutilutvinning ved Førdefjorden - NINA Rapport 416. 69 pp. Link: <https://brage.nina.no/nina-xmlui/handle/11250/2561664>
4. Terje van der Meeren et al. (2021) Innspill til planlagt overvåkning i Førdefjorden. Havforskningsinstituttet. Link www.hi.no/resources/publikasjoner/2021-19-00297-7-Innspill-til-planlagt-overvakning-i-Fordefjorden-Rapport-05102021-sendt.pdf
5. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2000-11-24-82>
6. <https://artsdatabanken.no/rodlisteforarter2021/Rodlistahvahvemhvorfor>
7. <https://artsdatabanken.no/lister/rodlisteforarter/2021/1381>
8. <https://artsdatabanken.no/lister/rodlisteforarter/2021/8149>
9. <https://www.sabima.no/hva-truer-naturen/arealendringer/>